

Hordaland Mållag
Kong Oscars gate 15
5017 Bergen
hordaland@maallag.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
hfk@hfk.no

Bergen, 18. november 2017

Kvifor kunngjer Hordaland fylkeskommune på bokmål når fylkeskommunen har nynorsk som administrasjonsmål?

Hordaland Mållag viser til ei kunngjering som Hordaland fylkeskommune rykte inn i Bergens Tidende 11. november 2017 (sjå kunngjeringa i vedlegget nedanfor). Overskrifta er «Gratis vidaregåande utdanning for voksne». Kunngjeringa er soleis på bokmål. Kvifor er ho det?

Hordaland fylkeskommune er omfatta av eigne politiske vedtak om at fylkeskommunen skal administrera seg på nynorsk. Dimed har Hordaland fylkeskommune nynorsk som *administrasjonsmålet* sitt. Då ventar me at kunngjeringane frå fylkeskommunen kjem på nynorsk, til dømes slike som opplyser oss om «Gratis vidaregåande utdanning for voksne». Den kunngjeringa som likevel vart publisert på bokmål 11. november, gjeld fylkeskommunale vidaregåande skular som ligg i tre nynorskkommunar (Fjell, Stord og Voss) og ein språknøytral kommune (Bergen) i Hordaland fylke.

Kva er då grunnen til at Hordaland fylkeskommune ikkje gjer det kjent på nynorsk at dette gratis utdanningstilbodet finst? Kva er grunnen til at fylkeskommunen gjer det kjent på bokmål? Fylkeskommunen har då ikkje nokon grunn her til ikkje å nytta det vedtekne administrasjonsmålet sitt?

Fleire kunngjeringar og lysingar på bokmål

Hordaland Mållag har samstundes grunn til å peika på dette: Denne eine kunngjeringa på bokmål som dette brevet frå oss handlar direkte om, er på ingen måte den fyrste kunngjeringa på bokmål frå fylkeskommunen om liknande utdanningstilbod.

Me vil òg peika på at Hordaland fylkeskommune ved ruteselskapet Skyss annonserte og informerte mykje på bokmål i samband med sykkel-VM i Bergen, endå trafikkrestriksjonane og ruteendringane som Skyss då informerte om med oppslag, plakatar og annonsar, omfatta alle som skulle reisa inn til språknøytrale Bergen kommune om morgonen og heim til nynorskkommunane sine om ettermiddagen, til dømes dei som skulle heim til Austrheim.

Fylkeskommunal nynorsk òg i språknøytrale kommunar

Det fylket som Hordaland fylkeskommune administrerer, omfattar per dato tretti nynorskkommunar og tre språknøytrale kommunar. Det gjev fylkeskommunen endå ein god grunn (i tillegg til sitt eige vedtak om nynorsk som administrasjonsmål) til å skriva på nynorsk, òg i dei kommunane som er språknøytrale.

Språknøytrale kommunar har – slik nemninga *språknøytral* jo gjev syn og segn for – rett til å skriva dei administrative tekstane sine på nynorsk og bokmål. Då er det å venta at Hordaland fylkeskommune – som just *ikkje* er språknøytral – skriv administrative tekstar på nynorsk i dei fylkeskommunale institusjonane som ligg i språknøytrale kommunar, og om dei fylkeskommunale tiltaka som òg omfattar desse kommunane.

Skriv derimot Hordaland fylkeskommune på bokmål om sine eigne tiltak i dei språknøytrale kommunane, kommuniserer fylkeskommunen noko som ikkje er i tråd med at administrasjonsmålet er nynorsk. For kvifor skulle Hordaland fylkeskommune skriva på bokmål om eit fylkeskommunalt tiltak i språknøytrale Bergen kommune, når Bergen sjølv har gjeve seg rett til å skriva på nynorsk om det?

Hordaland Mållag bed på dette grunnlaget Hordaland fylkeskommune stadfesta at fylkeskommunen i framtida nyttar administrasjonsmålet sitt nynorsk i alle utoverretta tekstar som gjeld fylkeskommunale tiltak og institusjonar.

Med helsing

Hordaland Mållag,
ved Erlend Bakke,
ansvarleg for målløvsaker

Kopi: Bergen kommune, Fjell kommune, Hordaland Mållag ved prosjektmedarbeidar Live Havro Bjørnstad, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Noregs Mållag, Stord kommune og Voss kommune

 **Bergen tingrett**
8. november 2017

Kunngjøring

Forkynning av stævning og innkalling til hovedforhandling til foreldretvist

Forkynning etter domstoloven §181 i Bergen tingretts sak nr 17-094470TVI-BERG/3.

Saksøker: Selemawit Begashaw Endale.
Saksøkt: Omer Ahmed Mousa.

Saken gjelder krav om endring av felles foreldreansvar. Saken er reist ved stævning av 12.06.2017 med krav om at Selemawit Begashaw Endale skal ha foreldreansvaret for partenes 2 barn.

Omer Ahmed Mousa oppholdssted er ukjent og forkynning skjer derfor etter dsll §181.

Stævningen med vedlegg kan hentes hos Bergen tingrett, Tåmøss 2, Bergen, eller begjæres tilsendt. Saksøkte Omer Ahmed Mousa må senest innen tre uker etter han ble kjent med denne kunngjøringen inngi tilsvaret i saken.

Saksøkte Omer Ahmed Mousa innkalles til hovedforhandling i saken den 17.01.2018 kl. 09:30 i Bergen tingrett, retsal 3B.

Bergen tingrett



Gratis videregående utdanning for voksne
Benytt deg av retten din!

Bergen Katedralskole

- Engelsk
- Historie
- Matematikk
- Naturfag
- Norsk
- Samfunnsfag

Åsane vgs

- Tømrerfaget
- For deg med yrkeserfaring

Sotra vgs

- Logistikkfaget
- Renholdsoperatørfaget
- Salgsfaget
- Sjømatproduksjon
- For deg med yrkeserfaring

Stord vgs

- Akvakulturfaget
- Logistikkfaget
- Renholdsfaget
- Sjømatproduksjon
- For deg med yrkeserfaring

Voss gymnas

- Helse- og oppvekstfag Vg1
- Full opplæring over 2 år

Søknadsfrist 15. november!

Søk innen 15. november for å være sikker på at søknaden din blir behandlet før undervisningen starter i januar.



Startar januar 2018

www.hordaland.no/vo

GRAFISK PENSJONISTGRUPPE BERGEN

Medlemsmøte, tirsdag 14. november kl. 11.00 i Meyermarkens bydelshus.

Reidar Vetaas har dagens tema - påmelding til julebord 5. desember. Tidligere arbeidstakere fra grafiske fag er alltid hjertelig velkommen.

Styret

Plagast du av svimmelheit?

Då kan vi kanskje hjelpe deg!

Vi treng deltakarar til eit forskingsprosjekt som testar ut eit nytt og lovande behandlingssopplegg.

Du kan melde deg på om du:

- > Har vore svimmel meir enn 3 månader
- > Er mellom 18 og 70 år
- > Blir verre ved bevegelse av hovudet

Behandlinga er gratis og skjer i grupper leia av fysioterapeutar, to timar kvar veke i til saman åtte veker.

Ta kontakt:

svimmelogaktiv@gmail.com / 948 07 419

Meir info på: www.svimmelogaktiv.no



BERGEN KOMMUNE



building global friendship

Internasjonale opplevelser for alle over 11 år!

INFORMASJONSMØTER

ASKØY Kontakt Christine Holmedal, tlf 992 42 383

BERGEN tor 23. nov kl 18, CISV-huset, Lille Øvregt 34 bergens.boa.no@no.cisv.org, tlf 994 91 087

NORDHORDLAND søn 19. nov kl 16, Kharvik skule nordhordland.hl@no.cisv.org

OS tir 21. nov kl 18, Os ungdomsskule l.d.fyllingen@no.cisv.org, tlf 976 81 332

SOTRA/ØYGARDEN tir 21. nov, Sotra vgs, avd Bildey L.m.berg@no.cisv.org, tlf 908 88 778

SUNNHORDLAND man 20. nov kl 18 Kunnskapshuset, Sæe 134, l.b.hagen@no.cisv.org

VOSS tors 16. nov kl 19, Vossesbadet voss.h@no.cisv.org

Finn søknadskjema og mer informasjon på nettsiden nordland.cisv.no eller Facebook.com/cisvnordland

HUSK SØKNADSRIST 1. DESEMBER!



FORSVARET

REMEMBRANCE DAY

Kommandanten på Bergenhus festning, i samarbeid med den Britiske konsul i Bergen, inviterer til markering av Remembrance Day ved Samveldelandenes krigsgraver på Møllendal

søndag 12. november kl. 12.00

Etter seremonien blir det en uformell sammenkomst med enkel bevertning på Kronstad Hovedgård. Alle som vil delta er hjertelig velkommen.

// ANNET

Patek Philippe til salgs
Lommeur av gull, fra 1899, vurderes solgt i utmerket stand, oppbevares på i bankboks originalt futerall, sammen med opprinnelige salgsdokumenter signert av Patek P. ladoga319@gmail.com

GAMLE EMALJESKILT

Frå Fresa, Tiedemanns, Gjensidige, Ringnes, Lilleborg, Grødestokker og andre gamle reklameskilt, ønskes kjøpt. Alt er av interesse. Kontakt oppgjer. Tlf. 952 33 650.

Høyhastighetskamera
ønskes kjøpt. Digitalt kamera som kan filme med minimum 1000 bilder pr. sek ønskes kjøpt. Hentet og betaler kontant. Tlf 55990421

Kjøper tegneserier
Jeg kjøper tegneserier fra før 1980 Tlf 93453067

// HUS, HYTTE, HAGE

DRENERINGS-ENTREPRENER

Vi løser dine utfordringer ved vann rundt huset og fukt i kjelleren. Ta kontakt for GRATIS befaring.

Tlf 932 12 543

HUS OG HAGESERVICE

HJELP I HAGEN?
Beskjæring, trefelling og bortkjøring av avfall.

HAR DU BOSS?
Fjerning av boss. Du peker vi bærer

SKITTENT HUS?
Vasking av fasader og takrenner.

RING OSS! Tlf 930 01 292

Opptil 30% på solskjerming!

Markiser - screen - plisser / duettegardin - persiener - løsmellgardin
GRATIS BEFARING
Bergen Markise AS
post@bergenmarkise.no
55131710 - 45266530

E.HOVLAND MALERFIRMA

inn- og utvendig malerarbeid, tapetsering og Sparkling. Tlf. 901 48 719

// KLÆR, UR, SMYKKER

Bergen Ur Service

Vi utfører reparasjon av alle typer ur. Faste priser m/garanti. Sertifisert på Omega, Longines, Certina, Tissot m/mer.
Urmakermøster
Per Daas Hansen
Telefon 924 51 177

Gullmedverktødet i Marakon 5

Vi er to gullmedmestere med over 40 års erfaring. Alt i diamant, gullmedverktødet, rep. og oppussing av bunader. Resk levering, Prisvurdering, juvelfatterne.no
Tlf. 55 31 48 54

Reiseliv

Fast spalte hver fredag i Bergens Tidende

VINTERLAGRING BÅTER

Max 25 fot.
Max høyde 2.5 m.
Gode priser!
Båthotell Lindås AS
ha-jhope@online.no
Tlf. 959 31 026

MOTOR/MASKINVERKSTED

Besøk vårt motor-/maskinverksted
Oscar Halvorsen-23
EDV
Elektrisk Diesel Vestaup
Tlf. 55 25 40 00 - www.edv.no

BERGEN CARAVAN/3

17 Myner 678 DL	kr: 1274400,-
17Nahmsen 76 E	kr: 1718800,-
18 Burtner II 728 G	kr: 939400,-
18 Myner 7014	kr: 1418200,-
18 Carado 7 449	kr: 814100,-
18 Carado 1 447	kr: 930300,-
17 LMC 1 718	kr: 1188200,-

Tlf. 55 99 17 00 - bergen-caravan.no
[facebook.com/BergenCaravan](https://www.facebook.com/BergenCaravan)

JOE BONES AUTO

Toyota kjøpes
Defekt, skadet, mangelfull osv.
Toyota bruktbil deleer selges
Selger nye, brukte dekk og felger.
Bruktbildeleerbergen.no
Tlf. 920 24 096 / 928 77 805

VRAKBILER KJØPES

uansett stand og bilmerke!
Bet. 1500 kr v/henting
Tlf. 966 80 802

BILSENTERET

35 år med Mercedes Benz
Skal du selge eller kjøpe kontakt oss!
Vi kan Mercedes
Tlf. 55 10 98 20
mercedes.no

BILER KJØPES

Vi kjøper alle typer biler, uansett merke, modell og tilstand.
Ring nå og få en raske og uforpliktende prisvurdering.

Tlf 932 03 727

Bjergvin Auto

MULTISALG

NAV

Tilskudd til frivillig arbeid mot fattigdom i 2018

Frivillige organisasjoner inviteres nå til å søke om støtte til prosjekter og aktiviteter rettet mot fattigdom og sosial ekskludering i 2018. Frivillige organisasjoner som er representanter for sosialt og økonomisk vanskeligstilte, og som arbeider mot fattigdom, inviteres også til å søke om tilskudd til drift for 2018.

Søknadsfrist: 12. desember 2017

Fullstendig utlysningstekst, søknadskjema og regelverk er publisert på www.nav.no